



NVE


Fjellskredovervåkingen
NVE, Seksjon for fjellskred
www.nve.no/fjellskred



regVarsel FJELLSKRED ▲

DAGSRAPPORT RAUDT FARENIVÅ FOR VESLEMANNEN

Dato: 21. oktober 2018



Veslemannen

RØDT FARENIVÅ

NVE overvåker kontinuerlig og i sanntid syv ustabile fjellparti som alle utgjør en høy risiko for fjellskred. Hvert fjellparti har til enhver tid et farenivå etter skala på fire trinn: Lav (grønn), moderat (gul), høy (oransje) og ekstrem (rød) fare.

Bevegelsane har auka dei siste timane.

Laurdagskveld heva NVE farenivået for Veslemannen til rødt, med bakgrunn i vêrvarsel om mykje regn, og at fjellpartiet er svært sensitivt for vasstilførsel. I morgontimane har bevegelsane auka noko som følgje av nedbøren, særleg i øvre del av området. I denne delen er hastigheita i underkant av 15 cm/døgn, medan hastigheita er ca. 2-3 cm/døgn i frontpartiet. Sivilforsvaret har registrert fleire steinsprang i natt. Meteorologiske institutt varslar meir nedbør i dag, og det skal først komme som regn, men gå over til snø utover ettermiddagen. NVE opprettheld raudt farenivå.


Veslemannen er ein relativt liten, men svært aktivt del av det ustabile fjellpartiet Mannen i Romsdalen. Medan dei årlege bevegelsene i Mannen (utenom Veslemannen) er nokre få cm i året, har den mest aktive delen av Veslemannen bevegde seg over 4.6 meter den siste månaden. Veslemannen har et volum på 120 000 - 180 000 m³, noko som utgjør rundt ein prosent av det totale volumet av Mannen.

Under raudt farenivå blir det publisert daglige rapportar om Veslemannen på www.nve.no.

Tabell 1: Måledata den 21. oktober 2018 kl. 08:45

Målinger	Avlesning	Siste døgn	Sist uke	Sist måned
Bevegelser				
Radar pkt 1 (øvre del) (mm)		83	1014	4651
Radar pkt 2 (øvre del) (mm)		46	508	2954
Radar pkt 6 (nedre del) (mm)		15	162	459
Meteorologiske data				
Temperatur (°C)	4,2			
Nedbør (mm)		3,9		

Figur 1: Plassering av radarpunkt.



Figur 2: Grafen viser at hastigheita har auka dei siste timane.

